



MORGEDAL – SKISPORTENS VUGGE

„ I ei verd der vintersportsstadene blir meir og meir like, ønskjer eg meg noko annleis, noko som gir meg høve til oppleve ei ski-utfordring av eit heilt anna slag... Vel møtt i Morgedal!

Ski med innsving, telemarksbindingar, telemarkssving og kristianiasving, telemarknedslag og ordet slalåm har alle sitt opphav i den vesle bygda Morgedal. Sondre Norheim (1825-97) og lærlingane hans skapte ein ski-revolusjon som gav uttrykket skisport eit nytt innhald.



Lær å kjøre telemark i bygda der sporten blei til

Dyktige instruktørar, ei rik skihistorie og ei avslappa tilnærming til sportsgreina høyrer med når du kjem for å oppleve skisport i Morgedal. Vi lovar å lære deg den elegante svingen!



Bli ei ski-erfaring rikare: Lag dine eigne ski

Reknar du deg som ein god skiløpar? Prøv eit par av desse! Nå kan ski-pilegrimar koma til Morgedal, lage sine eigne ski og prøve dei ut i ”verdas første slalåmbakke”. Ei unik vintersportsoppleving!



Ski-leik – Ungar på ski er glade ungar

Ta ein pust ved bålet framfor gapahuken eller prøv eit aldri så lite tak-hopp! Det er flust av påfunn, utfordringar, historier og leikar å prøve seg på. Ideelt for skular, familiar og grupper.



Overnatting – Morgedal Hotel eller oldemors hus

Eit hotell med 70 rom og alle fasilitetar for møte og konferansar, innandørs symjehall og skibakken rett utanfor døra – eller ei telemarksstove som på oldemors tid. Morgedal har overnattingstilbod for ein kvar smak.



Norsk skieventyr: Skimuseum, kafé og reiseminne-butikk

Her får du ei multimedia-reise gjennom 4000 års skihistorie. Dyktige omvisarar, god mat og informasjon gjer opphaldet i Morgedal til ei god oppleving.

Ta kontakt:

WWW.MORGEDAL.COM

For meir informasjon, prisar og tilbod på eit skreddarsydd opphald – gi oss beskjed om kva vi kan stå til teneste med. Vi håpar å sjå deg som ski-pilegrim i Morgedal!

Førespurnader på nordiske språk:

SIRI HAFNOR

Telefon: +47 41253802 / siri@morgedal.com

Førespurnader på engelsk:

HAMISH MOORE

Telefon: +47 41253807 / hamish@morgedal.com